

## BESTILLING AV PLAN-, BYGG OG EIGEDOMSINFORMASJON

Du kan alternativt kjøpa kart og nabolist på nett hos kart- og byggjesaksbutikkane  
[www.infoland.no](http://www.infoland.no), [www.norkart.no](http://www.norkart.no) og [www.eplassen.no](http://www.eplassen.no)

Nabovarsel kan ikkje vera eldre enn 1 år ved byggjesøknad/delesøknad

Dersom kartet skal brukast i byggjesøknad/deling av eide dom, må kartet ikkje vera eldre enn seks månader.

Kryss av nedanfor. Bestillinga di sendast til: [postmottak@bomlo.kommune.no](mailto:postmottak@bomlo.kommune.no)

Pris inkl.mva

I alle bestillingar tilkjem eit administrasjonsgebyr pr.leveranse	91,-
<input type="checkbox"/> Basiskart A4 (til situasjonsplan o.l)	227,-
<input type="checkbox"/> Naboliste	227,-
<input type="checkbox"/>	
<input type="checkbox"/> Reguleringsplankart og teiknforklaring	352,-
<input type="checkbox"/>	
<input type="checkbox"/> Utsnitt kommuneplan	262,-
<input type="checkbox"/> Reguleringsføresegner	227,-
<input type="checkbox"/>	
<input type="checkbox"/> Planstatus – informasjon om planstatus for din eide dom	442,-
<input type="checkbox"/>	
<input type="checkbox"/> Kopi av mellombels bruksløyve/ferdigattest	227,-
<input type="checkbox"/>	
<input type="checkbox"/> Godkjente byggjeteikningar	352,-
<input type="checkbox"/>	
<input type="checkbox"/> Målebrev/skyldskiftedokument	227,-
<input type="checkbox"/>	
<input type="checkbox"/> Digitale kart, etter avtale med kartavdelinga	minstepris kr.1246,-
<input type="checkbox"/>	

Bestillinga gjeld følgjande eide dom (gnr/bnr/adresse/seksjonsnr):

Gnr:            Bnr:            Adresse:            Seksjonsnr:

Beskriving av plasseringa av tomta/bygningen/tilbygg/påbygg (legg gjerne ved kartutsnitt):

Her kan du evt. gje tilleggsopplysningar til bestillinga di:

<b>Faktura/ bestilling sendast til:</b>	
Bestillar:	Org.nr.:
E-post:	Tlf.nr.
Adresse:	<input checked="" type="checkbox"/> Einskildperson
Postnr./poststad:	Selskap/lag/sameiga
<b>Faktura merkjast med:</b>	
Ønskjer du bestillinga tilsendt på e-post eller i brev: <input checked="" type="checkbox"/> e-post <input checked="" type="checkbox"/> digitalt brev	
Utlevering av personopplysninger frå matrikkelen (matrikkellova § 30) treng din signatur: Bestillar stadfestar med dette at personopplysninga frå matrikkelen ikkje vert brukt ut over oppgåver etter matrikkellova, plan- og bygningslova eller eigarseksjonslova. (Reguleringssaker, delesaker, byggjesaker)	
Underskrift:	Dato:

På baksida finn du tips om du skal byggja eller dela frå eigedom.

#### TIPS TIL DEG SOM SKAL BYGGJA ELLER ENDRA EIGEDOM:

1. Finn ut gardsnummer og bruksnummer, og eventuelt adresse for eigedomen din.
2. Finn ut kva som er tillate på eigedomen din. Dette finn du som regel i plankartet og føresegne til kommuneplanen sin arealdel eller i reguleringsplan som gjeld for din eigedom. Gjeldande arealplan kan du finna på [kommunekart.com](http://kommunekart.com) når du søker opp eigedomen din og set på kartlag for reguleringsplan og kommuneplan i menyen. I søkerfeltet som kjem opp må du skriva «Børmlø» framføre gardsnummer/bruksnummer/adressa di.
3. Få tak i eit situasjonskart (basiskart) for eigedomen din.
4. Du må rekna ut den totale storleiken på dagens bygningar og på det du vil byggja. Finn ut kva slags utrekningsmåte som gjeld for din eigedom. Sjekk her: [dibk.no/verktøy-og-veivisere/hvor-stort-kan-du-bygge/](http://dibk.no/verktøy-og-veivisere/hvor-stort-kan-du-bygge/)
5. Set deg godt inn i situasjonskart, planar og føresegner som gjeld din eigedom. Desse gjev svar på om du bør endra plasseringa, utforminga, høgde eller storlek på grunn av:
  - Byggjegrenser
  - Avstand til vatn- og avlaupsleidningar, bil, gang eller sykkelveg og naboeigedom
  - Flaum- og skredfare
  - Sjeldne plante- og dyrearter
  - Krav til farge- eller materialbruk

#### Dispensasjon:

Dersom du ønskjer å byggja noko som ikkje er i samsvar med planar, føresegner eller andre reglar som gjeld eigedomen din, må du søkja om dispensasjon. Dersom du må søkja om dispensasjon, må kommunen vurdera om me kan gjera eit unnatak frå den planen eller føresegna som hindrar deg i å byggja slik du ønskjer.

#### Korleis søker eg dispensasjon?

I dispensasjonsøknaden viser du til kva føresegne du søker unnatak frå, og skildrar kvifor du likevel bør få byggja slik du ønskjer. Du må grunngje korleis det du vil byggja ikkje set til side omsynet bak føresegna du søker unnatak frå, og at fordelane med at du får byggja er større enn ulempene. Kommunen kan vanlegvis ikkje leggja vekt på personlege forhold når me vurderer dispensasjonen din. Kommunen kan difor ikkje leggja vekt på at du til dømes har lyst på større plass på grunn av familieauke.

#### Vanlege skjema/dokumentasjon til byggjesøknad:

- Skjema «Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett».
- Skjema «Opplysningsar gjeve i nabovarsel».
- Skjema nabolist - med kvittering for varsel.
- Situasjonsplan som viser plasseringa av det du skal byggja.
- Fasade-, plan- og snitteikningar.  Godkjenning hjå BVA

AS.

- Eventuelt dispensasjonsøknad.

Vanlege skjema/dokumentasjon til deling av grunneigedom/opprettning av ny tomt:

- Skjema «Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett».
- Skjema «Opplysningsar gjeve i nabovarsel».
- Skjema «Kvittering for nabovarsel»— ei liste som viser at alle naboar/tverrbuarar har kvittert for mottatt varsel.
  - Situasjonsplan som viser den nye tomta, nye tomtegrenser for arealoverføringa og storleiken på arealet.
- Dokumentasjon på at den nye tomta har vegrett frå offentleg veg og fram til tomta, og rett til å leggja ned vass/avlaupsleidningar eller eventuelt å bruka eksisterande anlegg.
- Godkjenning hjå BVA AS.
- Skjema «Krav om matrikulering, medrekna rekvisisjon av oppmålingsforretning, for søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova».
- Eventuelt dispensasjonssøknad.

Gode nettsider for deg:

[www.dibk.no](http://www.dibk.no)

<https://www.bomlo.kommune.no/tenester/arealplan-bygg-eigedom-og-brann>

<https://skjema.no/bomlo> <https://kommunekart.com>

<https://www.ebyggesokproff.no>

<https://seeiendom.kartverket.no/>

